



Ole Johan Ingebrigtsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3161 - 17/34035

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

30.11.2017

Oversending av søknad om etablering av LPG-gassforsyningsanlegg til uttale - gbnr 221/15 Eikefet

Tiltak: LPG-gassforsyningsanlegg
Byggjestad: Gbnr: 221/15 Osterfjordvegen 2399
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Tolcon AS

Saka gjeld søknad i eitt-trinn om etablering av LPG-gassforsyningsanlegg for asfaltverket til Lemminkäinen Norge AS. Det er Tolcon AS på vegne av Lemminkäinen Norge AS som fremjar søknad om tiltaket.

Søknaden krev dispensasjon frå pbl. § 1-8. Det er ikkje søkt om dispensasjon. Kommunen har likevel vald å senda saka på høyring til Fylkesmannen i Hordaland for å få avklart tiltaket opp mot moglegheitene for dispensasjon basert på ein dei opplysningane som ligg i saka. Parallelt med høyringsfristen vil vi innhente naudsynt tilleggsinformasjon som søknad om dispensasjon krever.

Saka sendast også på høyring til brannevesenet for ein førehandsuttalelse etter brann- og eksplosjonsloven, jf. forutsetningsvis sakshandsamingsforskrifta (SAK) § 4-3 tredje ledd. Ei førehandsuttalelse baserer seg på at brannevesenet skal utarbeide ein rapport om utført kontroll i henhold til brann- og eksplosjonsloven på det tidspunktet kommunen skal utstede igangsettelsestillatelse, midlertidig brukstillatelse og/eller ferdigattest, sjå veiledning til SAK § 4-3 tredje ledd. Parallelt med høyringsfristen vil vi innhente naudsynt tilleggsinformasjon som søknad om dispensasjon krever.

Sakshandsamingsforskrifta (SAK) har unntak for ein del tiltak som vert handsama etter anna lovverk. Dette anlegget kjem inn under SAK §4-3, tredje ledd og fjerde ledd. Det vert vist til bestemmelsen i sin heilhet samt veiledning.

Det er søkt om fritak frå nabovarsling i skriv av 23.10.2017 med grunngjeving at tiltaket er plassert midt i næringsparken og vil såleis ikkje råke naboar. Då tiltaket skal plasserast i ein allereie etablert næringspark og tilgrensande friluftsområde mot sjø eiges av heimelshavar på gbnr 221/15, Mesta AS, så vil nabovarsling ikkje vere nødvendig for søknad eller dispensasjon. I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd har vi gjeve fritak for nabovarsling for søknad og dispensasjon. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Planstatus

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for sett Eikefet - Urdal. Del av gnr 220 og 221 (industriområde) med plan- id 1263-08052003. LPG-gassforsyningsanlegget skal plasserast i område for industri/lager (felt 12). Området kan nyttast til asfaltverk. Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er TU 50%.

Utsnitt av reguleringsplanen Eikefet - Urdal. Del av gnr 220 og 221 (industriområde). Plassering av LPG-gassforsyningsanlegg er markert med pil:



Utsnitt grunnkart, gbnr 221/15:



Tilkomst

Tiltaket gjev inga endring ift. tilkomst.

Vatn og avlaup

Tiltaket gjev inga endring i høve vatn- og avlaup.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Vi ber dykk om å prioritere saka då tiltakshavar har informert oss om at det haster få satt i gang tiltaket.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 221/15 Eikefet
Vedlegg til søknad_fravik fra krav om nabovarsling_Lindås kommune_LMK Eikefet_23102017SH
Tolcon_søknad om tillatelse til tiltak_Lindås kommune_LMK Eikefet_23102017SH_signert
Tolcon_opplysninger om tiltakets ytre rammer_Lindås kommune_LMK Eikefet_23102017SH
Tolcon_gjennomforingsplan_Lindås kommune_LMK Eikefet_23102017SH_signert
Tolcon_Erklæring om ansvarsrett_Lindås kommune_LMK Eikefet_23102017SH_signert
Ncc Construction_Erklæring om ansvarsrett_Lindås kommune_LMK Eikefet_signert
Fullmakt grunneier_LMK Eikefet_signert
Info til kommunene om konsekvenser av forskriften
Tolcon_bevis sentral godkjenning
TOL-10761-PB-01-00_Projektbeskrivelse gassforyrningsanlegg_LMK Eikefet_16102017SH
TOL-10761-SP-01-00_Situasjonsplan LMK Eikefet_16102017SH
Vedlegg til søknad_Lindås kommune_LMK Eikefet_23102017SH
Grunnkart matrikkel - gbnr 221_15
Plankart oversikt - gbnr 221_15
Plankart - gbnr 221_15
Ortofoto 2015 - gbnr 221_15

Kopi til:

Tolcon AS	Brynsalléen 4	0667	OSLO
-----------	---------------	------	------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Ole Johan Ingebrigtsen			
Tolcon AS	Brynsalléen 4	0667	OSLO